

Reguleringsplan for Bjorhustjønn



**del av gnr. 16 bnr. 1
i Fyresdal kommune**

PlanID: 226

Vedtatt: 15.12.2022



Fyresdal

Næringshage

3870 Fyresdal

Prosjekt – Nr.: 6291

Dato: 21.06.2022

Tittel Forslag til reguleringsplan for Bjorhustjønn del av gnr. 16 bnr. 1 i Fyresdal kommune		
Prosjekt Nr. 6291	Prosjektnamn Bjorhustjønn	Sider 19
Prosjekttype Detaljplan for fritidsbustader		Dato 21.06.2022
Prosjektansvarlig Mona Gundersen		Kontaktperson oppdragsgivar Stein Helge Lassemo
Ekstrakt Planen omfattar regulering av vegar til alle hytter i området, flytting av to tomter i gammal plan og tre nye tomter. Området er i gjeldande arealdel for Fyresdal kommune lagt ut til byggeområde for fritidsbustader.		

Innhald

1	Bakgrunn	3
2	Planstatus	4
3	Varsel av planarbeidet	5
4	Føresetnader for planarbeidet	7
	4.1. Kartgrunnlag	7
	4.2. Krav frå Fyresdal kommune	7
5	Planomtale	8
	5.1. Generelt om arealet	8
	5.1.1. Landskap og vegetasjon	8
	5.1.2. Eksisterande bygg	8
	5.1.3. Veg og trafikktilhøve	8
	5.1.4. Grunnforhold	8
	5.1.5. Vatn	9
	5.1.6. Naturverdiar, biologisk mangfald	9
	5.1.7. Kulturminne	9
	5.1.8. Friluftsliv	9
	5.1.9. Skogbruksinteresser	9
	5.2. Planløyisingar, vurderingar	11
	5.2.1. Hytteplassering og omfang	11
	5.2.2. Byggeskikk	12
	5.2.3. Tilkomst, planlagde vegar og parkering	12
	5.2.4. Omsynet til born og unge	12
	5.2.5. Vatn, renovasjon og straum	12
6	Risiko og sårbarheit	13
	6.1. Metode	13
	6.2. Sjekkliste med hendingar, konsekvensar og tiltak	15
	6.3. Evaluering av risiko	17
	6.4. Konklusjon	18
7	Konsekvensar av planframlegget	19

1 Bakgrunn

Bakgrunn for planarbeidet er og formalisere vegane i feltet og regulere inn vegar til dei som ikkje har veg i dag. Nokon vegar treng og justering for og fungere på vinterstid. Det er føretatt justering av plassering av ledige tomter i feltet, samt regulert inn tre nye tomter.

Planområdet ligg i Birtedalen i Fyresdal kommune og er tidlegare regulert.

Kontaktperson for utarbeiding av detaljplanen har vore grunneigar Stein Helge Lassemø.

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for vegar til alle tomter og ei mindre fortetting samt tilretteleggje for auka sanitær standard.



Bilete 1: Raudt område er området for reguleringsplan BJORHUSTJØNN.

2 Planstatus

I kommuneplanen sin arealdel for Fyresdal kommune er området lagt ut til byggje-område for fritidsbustader. Område er omfatta av gjeldande reguleringsplan P9 Tovslid 16/3, denne har to ledige tomter.


Overordna planar og retningslinjer:

Nasjonale

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal-, og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (1995)
- Rettleiar T – 1450: Planlegging av fritidsbebyggelse
- Andre aktuelle retningslinjer

Relevante planar

- Kommuneplanen sin arealdel for Fyresdal kommune 2014-2026, vedtatt 27.11.2014



Bilete 2: Område **O** er planområde; Utsnitt, kommuneplanens arealdel

3 Varsel av planarbeidet

AT skog har vore i dialog med Fyresdal kommune i førekant av arbeidet, oppstartsmøte vart halde 23.02.2017.

Naboar, hytteeigarar, Fyresdal kommune og regionale myndigheiter vart varsla 24.03.2017, med frist for innsending av innspel 08.05.2017. Planarbeidet vart i tillegg kunngjort i VTB og på heimesida til Fyresdal kommune. På grunn av stillstand i planarbeidet vart det varsla på nytt 03.07.2020, med frist for eventuelle nye innspel 30.08.2020.

Det har kome inn fylgjande innspel til planarbeidet:

Vestfold og Telemark fylkeskommune peikar på at ei fortetting av eksisterande hyttefelt er i tråd med ATP Telemark. ATP -Telemark legg og vekt på å sikre grønstruktur. Området ligg innafor området for Heiplanen og ligg i bygdeutviklingssone i denne, Heiplanen legg vekt på Sti og løypeplanar i utbyggingsområde. Område ligg nært Birtevatn og i høve til vassforvaltning må ikkje nye tiltak føre til at økologisk og/eller kjemisk tilstand forverrast, eller at miljømål ikkje nås. For vegar visast det til at det e viktig og planlegge gode avkøyringar og kryss. For klima og miljø oppfordrast det til eit lågt klimafotavtrykk for byggjeprojekt og unngå omdisponering av myrområder. Friluftsliv må takast omsyn til. Det stillast krav om kulturminne undersøkingar.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande. Det er eigen sti og løypeplan for for Birtedalen. Andre tema er omtalt i kap 5 og 6

Fylkesmannen (Statsforvalteren) i Telemark: peikar på at området ligg innafor område for verna vassdrag, Omr. Vest for Fyresvatn, området er delvis urørt og har til dels store kulturminneverdiar, samstundes er det et område mykje bruka til friluftsliv. Dei viser til rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag som gjeld i 100m belte langs vassdrag, og forventar at eit belte langs strandsona blir halden fri for inngrep. Dei viser til at området ligg innafor bygdeutviklingssone i Heiplanen og at den anbefalar sti og løypeplan for desse områda. Dei minner om kravet til ROS analyse. Når det gjeld avløp rår dei til ei samla vurdering av avløpssituasjonen for eit større område.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande. Kommunen jobbar med vurdering av eit kommunalt avløpsanlegg i Birtedalen. Vurdering av naturmangfaldet inngår i plandokumentet. Kap.5.1.6., oppsummering av ROS analyse finnast i kap. 6 .

Mattilsynet Ber om at det blir tatt omsyn til drikkevatn i planarbeidet slik at ikkje eksisterande drikkevasskjelder blir forringa.

Kommentar: innspel er teke tilvitande. Kommunanen har eit forprosjekt gåande for kommunalt vatn og avløp i Birtedalen

Fleire hytteeigarar er usamde i reguleringsplan arbeidet. Dei ynskjer ikkje høg standard, gråvatn akseptert. Dei ynskjer ikkje fortetting og ikkje nye vegar. Standard heving av eksisterande vegar er ok.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Svein Terje Ormshammer er fornøgd med låg sanitær standard og ynskjer ikkje veg heilt fram til hytta.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Nils Magne Ottersland ynskjer at heving av vegstandard haldast på eit minimum. Ber og om at ein er forsiktig med inngrep i myr på grunn av avrenning til drikkevasskjelder. Det nemnast også ein orrfugl leik nord for Galtetjønn.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Kjell Are Eilertsen ynskjer ikkje detaljregulering av området, individuelle gråvassutslepp kan vere ønskjeleg. Dagens vegar er godkjende av kommunen.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Bjorhustjønn hyttevel (16.05.22) ynskjer at bryggeanlegget i tidligere reguleringsplan blir vidareført, gapahuk med bål plass i tilknytting til dette. Ynskje om at ladestasjon for el-bil leggast inn ved trafo-stasjon.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

4 Føresetnader for planarbeidet

4.1. Kartgrunnlag

Kartgrunnlag som er nytta for området er økonomisk kartverk og FKB – data med 1 meter ekvidistanse.

Ortofoto er nytta som grunnlag i planarbeidet, samt innsynstjenester/WMS tenester:

- Artsdatabanken (www.artsdatabanken.no),
- Skog og Landskap (www.skogoglandskap.no),
- Direktoratet for naturforvaltning (www.dirnat.no),
- Norges geologiske undersøkelse (www.ngu.no, Berggrunn, ..),
- Riksantikvaren (www.riksantikvaren.no),
- NVE (www.nve.no).

Plankartet er utarbeidd i digital form på SOSI- format.

4.2. Krav frå Fyresdal kommune

Fyresdal kommunes føresegner for hyttebygging er søkt ivareteke der dei er vurdert relevante for planarbeidet, samt lagt til grunn ved utforming av planomtale og reguleringsføresegner.



Bilete 3: Planområdet sett frå nordvest (Norge i bilder, 3D)

5 Planomtale

5.1. Generelt om arealet

Planområdet ligg på austsida av Birtevatn i Fyresdal kommune. Planområdet er avgrensa langs eigedomsgrensa i nord, langs Birtevatn i vest og mot myrområde i aust. I sør er område av grensa litt sør for eksisterande busetting og tilførsels veg. Det ligg 27 hytter i planområdet i dag, og ei ubygd utskilt tomt. Det er to ledige tomter at i eksisterande plan.

5.1.1. Landskap og vegetasjon

Planområdet går inn under landskapsregionen Fjellskogen i Sør-Noreg, Fyresdal Vesthei og Setesdalsheiene.

Området er vest vendt og har gode solforhold. Området består av ein rygg i aust der dei fleste av dagens hytter er plassert. Det går nokon myrdrag nord sør i området. Område heller mot Birtevatn i vest. Skogen er registrert som uproduktiv skog i Kilden, Nibio.

5.1.2. Eksisterande bygg

Det er 27 hytter i området frå tidlegare, 20 av desse er plassert langs ein rygg som går nord sør i den austre delen av området. Av desse har om lag halvparten veg i dag. 7 hytter ligg på ein fastmarks rygg nærmare Birtevatn, desse har ikkje veg.

5.1.3. Veg og trafikktilhøve

Området har tilkomst via felles privat veg Birtevegen, som er tilkomstveg for fleire hyttefelt i området. Avkjøring til området ligg i søraustre del av planområdet. Vegen går nordover langs myrkant i aust. Det er opparbeida felles parkering sør i området.

5.1.4. Grunnforhold

Bergrunnen består av Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt. Lausmassane i området består av morenemateriale i usamanhengande eller tynt dekke over bergrunnen (ngu – kartinnsyn).

5.1.5. Vatn

Område grensar mot Birtevatn i vest, i sørvest er det ei bukt kalt Galtetjønn. Aust for planområde ligg Bjorhustjønn omkransa av myrområder. Det går to myrdrag nord sør i planområdet, men ingen bekkar.

5.1.6. Naturverdiar, biologisk mangfald

Per 13.06.2022 er området registrert som villreinområde elles er det ingen registrering i Miljødirektoratets naturbase i planområdet. Artsdatabanken har per 13.06.2022 ingen observasjonar i eller i nærleiken til planområdet. Det finnes ikkje MiS registreringar i eller i umiddelbar nærleik til område.

Utifrå området beskaffenhet ser ein det ikkje som sannsynleg at området skal innehalde artar som er av spesiell verdi. Villrein er ivareteke gjennom Heiplanen der området ligg i sone for Bygdeutvikling.

Ut i frå den kunnskapen vi har hatt tilgjengeleg vurderast den som tilstrekkeleg slik at føre-var-prinsippet gjer seg lite gjeldande i dette område.

Det er snakk om ei mindre fortetting og vegar i eit område som er prega av hytteutbygging, det gjer til at det ikkje vil bli store landskaps endringar i området. Om vegar og hytter byggjast etter dei vilkår som framgeng av føresegnene til planen, ser ein ikkje behov for å sette andre vilkår.

5.1.7. Kulturminne

Området er undersøkt av kulturminnevernet 31.05.2022 utan funn av automatisk freda kulturminne.

5.1.8. Friluftsliv

Birtedalen har mange moglegheiter for friluftsliv året rundt. Det er eige sti og løypelag som sørger for oppkøyring av skiløyper om vinteren og tilrettelegging av turstiar/vegar på barmark. Skiløypa passerer rett aust for planområdet og kan by på mange kilometer med løyper. Her er mange fiskevatn og topptur moglegheiter på sommaren.

5.1.9. Skogbruksinteresser

I fylgje databasen til skog og landskap er skogen registrert som uproduktiv.

Det er ingen MIS registreringar i området.



Bilete 4: Kart over stiar og skiløyper i Birtedalen.

5.2. Planløysingar, vurderingar

5.2.1. Hytteplassering og omfang

Planforslaget gjer framlegg om detaljregulering av 3 nye tomter og flytting av to eksisterande ubygde tomter i Bjorhustjønn hyttefelt, samt veg fram til alle hytter. Planområdet er om lag 168 daa.

Busetnad og anlegg

Fritidsbusetnad	32,6 daa
Skiløypetrase	0,9 daa
Energianlegg	0,03 daa
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag m. tilh. Strandsone	1,0 daa

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Veg	7,7 daa
Parkering	1,0 daa

Landbruks, natur og friluftsmål

Friluftsmål	110,7 daa
-------------	-----------

Bruk og vern av sjø og vassdrag

Bruk og vern av sjø og vassdrag	14,3 daa
---------------------------------	----------

Mykje av vegane i feltet er eksisterande som har fått mindre justeringar. Dei seks eksisterande tomtene lengst vest i området har fått planlagt veg frå næraste naturlege tilkobling. Den nordlegaste av desse har fått veg frå nordenden av eksisterande veg. Dei resterande er tenkt kobla til ny veg via Solliåsen feltet eller med tilknytting som kryssar myrdraget om lag midt i området. Tilkobling frå Solliåsen unngår kryssing av myr. Tilkobling frå veg i aust fører til ei kort kryssing av myr, for å unngå endringar og drenering av myra bør dette gjerast med bruk av duk og fylling i staden for masseutskifting. Ei ny tomt er plassert på nordsida av innkøyringa til feltet med utsyn over myrområdet. Dei to ubygde tomtene frå tidlegare plan samt to nye tomter, er plassert lengst nord i feltet. Alle ligg på fastmark. Hyttene er søkt plassert på naturlege plassar i terrenget. Veg til nye og eksisterande tomter er søkt plassert slik at ein får minst mogleg terreng inngrep.

5.2.2. Byggjeskikk

I fylgje kommuneplanen for Fyresdal kommune skal det ved utbygging leggjast vekt på estetisk utforming og tilpassing til landskap og terreng samt eksisterande bygningsmiljø med tanke på plassering av bygg, volum, takform, materialbruk og farge.

5.2.3. Tilkomst, planlagde vegar og parkering

Planområde har i dag tilkomst frå fv 3386 Birtedalsvegen via felles privatveg Solliåsvegen og Birtevegen fram til Bjorhustjønn. Om lag ein tredjedel av eksisterande hytter har veg på sommarstid i dag. Ein legg opp til heve standarden på vegane slik at dei kan brøytast på vinteren. Ein har og regulert inn vegar til dei som ikkje har veg i dag. Eksisterande parkering vi bli oppretthaldt som gjesteparkering.

5.2.4. Omsynet til born og unge

Høve til fri leik og flotte naturområde er den største kvaliteten for tomtene i Bjorhustjønn hyttefelt. Løypelaget har tilrettelagt vinterløyper i forskjellige lengder vinterstid. Turmoglegheitene sommarstid avgrensast berre av fantasien, nærheit til Birtevatn gir moglegheiter for bading og fiske. Ein ser det ikkje som naudsynt med særskilt tilrettelegging i høve til born og unge ut over dei kvalitetane området gjev frå naturens si side.

5.2.5. Vatn, renovasjon og straum

Området har straum i dag og nye tomter vil og få tilgang til straum. Fyresdal kommune har satt i gang eit forprosjekt for å sjå på moglegheit for eit kommunalt reinseanlegg for Birtedalen. Det er ønskjeleg for området og kople seg på dette. Om dette ikkje blir realisert vil det bli utarbeida eigen VA plan for området som legg opp til middel sanitær standard, med innlagt vatn og gråvassutslepp. Ein må då nytte ei biologisk toalettøysing. For renovasjon følges Fyresdal kommunes reglement til ein kvar tid. Området inneheld ingen bekkar med årsikker vassføring, men fleire myrområde omkransar fastmarka i planområdet. Desse er i storgrad behaldt urørt, ein veg vil krysse myr elles ligg alle tiltak på fastmark eller i kantsone til myr. Myrane er gode til å magasinere og fordrøye vatn ved store nedbørs mengder. Det leggast ikkje opp til tette flater utover tak og vegsystem. Vatn frå tak må infiltrerast på eiga tomt så lagt det lar seg gjere. Nokre tomter har mykje fjell.

6 Risiko og sårbarheit

Jmf. plan- og bygningsloven § 4-3 er det krav om risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS –analysar) for arealplanar som legg til rette for utbygging. Omsyn til tryggleik og beredskap skal i medhald av plan- og bygningslova vera ein integrert del av samfunnsplanlegginga. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som knytast til planområdet og eventuelle endringar som følgjer av planen eller tiltak som er heimla i den. Formålet med § 4-3 er å gje eit grunnlag for å førebyggje risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og andre materielle verdiar mv. Ved å kartlegge sannsynlegheit og konsekvensar av uønskte hendingar, kan ein prioritere risikoområder og planleggje tiltak for å forhindre dei eller redusere konsekvensen av dei dersom dei skulle oppstå. I utgangspunktet bør det unngåast å bruke areal som inneheld uønskt risiko og sårbarheit.

6.1. Metode

Risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS-analyser) er systematisk kartlegging av farar basert på ein metode for innsamling av data. Denne ROS-analyse er i hovudsak basert på en kvalitativ risikovurdering som er bygd på fleire undersøkingar og forskjellig kildemateriale. Styrken ved å nytte ei slik kvalitativ metode er at den gir eit heilskapleg bilete av risiko- og sårbarheitsvurderinga for planen.

Risiko uttrykker den fare som uønskte hendingar representerer for menneskjer, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjoner. Risiko er et resultat av **sannsynlegheit** (frekvensen) for og konsekvensane av uønskte hendingar. **Sårbarheit** er et uttrykk for et systems evne til å fungere og oppnå sine mål når systemet utsettast for påkjenningar.

I **sjekklista** er det lista opp fleire moglege hendingar som både isolert sett og heilheitleg synleggjør risiko- og sårbarheit med omsyn til konsekvensar for og konsekvensar av planen. Forhold som er vurdert til ikkje å være tilstade kviterast ut i egen kolonne. Hendingar som kan påverke planområdet kommenterast i eigen kolonne. Sannsynlegheit, konsekvensar og risiko vurderast etter følgjande kriteriar:

Vurdering av **sannsynlegheit** for hending er delt i:

5. Svært sannsynleg / forholdet kan være kontinuerlig tilstade
4. Meget sannsynleg / periodevis, lengre varighet
3. Sannsynleg / fleire enkelt tilfelle
2. Mindre sannsynleg / kjenner tilfelle
1. Lite sannsynleg / ingen tilfelle.

Vurdering av **konsekvensar** av hendingar er delt i:

1. Ubetydelig: Ingen person- eller miljøskader.
2. Mindre alvorleg / ein viss fare: Få / små person- eller miljøskader.
3. Betydeleg / kritisk:
4. Alvorleg / farleg: Alvorleg person- eller miljøskader
5. Svært alvorleg / katastrofalt: Personskade som medfører død eller varig mén; mange skadd; langvarige eller varige miljøskader.

Risikomatrise

Konsekvens: Sannsynlegheit:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg/ein viss fare	3. Betydeleg/ kritisk	4. Alvorleg/farleg	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
5. Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4. Meget sannsynleg/periodevis, lengre varighet	4	8	12	16	20
3. Sannsynleg/ fleire enkelttilfeller	3	6	9	12	15
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	2	4	6	8	10
1. Lite sannsynleg/ingen tilfelle	1	2	3	4	5

- Hendingar i røde felt: Tiltak nødvendig, i utgangspunktet ikkje akseptabelt, evt. endringar i plan.
- Hendingar i gule felt: Tiltak må vurderast – eventuelt endringar i plan.
- Hendingar i grønne felt: Ikkje signifikant risiko, men risikoreduserande tiltak kan vurderast om dei skal gjennomførast.

6.2. Sjekkliste med hendingar, konsekvensar og tiltak

Hending/situasjon	Tilstade	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Naturgitte tilhøve, er området utsett før eller kan planen medføre risiko for:					
1. Sno- eller steinskred	Nei				
2. Fare for utgliding	Nei				
3. Flaum	Ja	1	2	2	Flaum i Birtevatn
4. Avrenning til bekker	Nei				
5. Er det radon i grunnen	Ikkje kjent	1	3	3	Tek 17 stiller krav til radonsperre i alle nye bygg
Vær, vindeksponering					
6. Vindutsett	Nei				
7. Nedbørutsett	Nei				
8. Kuldegrop	Nei				
Natur- og kulturområder, medfører planen/tiltaket fare for skade på:					
9. Sårbar flora/fauna/fisk/dyr	Nei				
10. Verneområder	Nei				
11. Vassdragsområder	Nei				
12. Kulturminner/miljø	Nei				
13. Naturressursar	Nei				
Infrastruktur, Strategiske områder og funksjoner. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for.					
14. Vei, bru, bane, knutepunkt	Nei				
15. Brann/politi/sivilforsvar	Nei				
16. Kraftforsyning	Nei				
Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar, som kan inntreffe på nærliggande transportårer , utgjere ein risiko for området					
17. Hendingar på veg	Nei				
18. Hendingar på vann/elv	Nei				
Er det innafor området spesielle farar forbundet med bruk av transport nett for gåande, syklende og kjørande					
19. Til ski/turløyper	Nei				
20. Til anlegg for friluftsmål	Nei				
21. Har område tilstrekkelig brannvannforsyning	Ja	1	3	3	Brannvesenet har tankbil, Birtevatn og Bjorhustjønn
22. Berørast området av forureiningskjelder	Nei				

Hending/situasjon	Tilstade	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Tidligere bruk er området påverka /forureina frå tidligare verksemder					
23.Gruver, opne sjakter, steintippar, etc.	Nei				
24.Militære anlegg	Nei				
25.Industriverksemd, herunder avfallsdep.	Nei				
Ulovleg verksemd					
26.Sabotasje og terrorhandlingar	Nei				
27.Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasjemål	Nei				
28.Finnes det pot. sabotasje/terrormål i nærleiken.	Nei				
Omgjevnadane					
Kan planen medføre risiko (for omgjevnadane) m.h.t					
29.Fare for akutt forureining	Nei				
30.Forureining av grunn eller vassdrag	Ja	1	2	2	Det opnast for full sanitærstandard
Transport og trafikk tryggleik , er det risiko for:					
31.Ulukke med farleg gods	Nei				
32.Kan vær/føre begrense tilgangen til området	Nei				
33.Er det risiko for ulukke i av-/påkøyring	Nei				
34.Ulukke med gåande/syklende	Nei				
Andre risikopostar i omgjevnadane					
35.Er det regulerte vassmagasin i nærleiken, med fare for usikker is	Nei				
36.Er det regulerte vassmagasin i nærleiken, som kan føre til varierende vassføring i elveløp	Nei				
37.Finnes det naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)	Nei				

6.3. Evaluering av risiko

Risiko kan definerast som ein funksjon av kor sannsynleg ei hending er og konsekvensen av hendinga.

Risiko nivået er delt inn i 3 klasser.

Låg	Akseptabel risiko
Moderat	Risiko bør vurderast med omsyn til aktuelle tiltak som kan redusere risiko
Høg	Uakseptabel risiko. Tiltak nødvendig for å redusere risiko til gul eller grøn

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg/ein viss fare	3. Betydeleg/kritisk	4. Alvorleg/farleg	5. Svært alvorleg/katastrofalt
Sannsynlegheit:					
5. Svært sannsynleg/kontinuerleg					
4. Meget sannsynleg/periodevis, lengre varighet					
3. Sannsynleg/ fleire enkelttilfeller					
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle					
1. Lite sannsynleg/ingen tilfelle		3, 30	5, 21		

Ut frå samanhengen mellom sannsynlegheit og konsekvens er det konkludert med at det er låg risiko knytt til dei fleste hendingar som er aktuelle i området.

Desse blir nærare omtala under. Elles er det ikkje funne særlege omsyn som må takast i høve til risiko og sårbarheit.

3. Flaum

Birtevatn kan auke ved store nedbørmengder. I aktsamheitskart for flaum frå NVE er det markert aktsamheitsområde for flaum langs Birtevatn, anslått stigning i vasstand er mellom 4 og 5 m. Ei eksisterande hytte ligg innafor 5 m høgdeforskjell frå normal vasstand (611,5 moh), det planleggast ikkje nye hytter nedanfor kote 616 moh.

Tiltak: Ein ser ikkje behov for tiltak mot flaum. Faresone flaum er lagt inn ,de følger kote 615 moh.

5. Radon

Det er ikkje kjent radonførekomst i området, men det er likevel ikkje utenkjeleg at det er radon i grunnen. Det er per dags dato ikkje kartlagt radonnivå i området.

Tiltak: I samband med byggjesak skal TEK 10 sine krav til radonnivå i alle nye bygg med fast opphald for menneske (§13-5) sikrast ivareteke ved at dette er dokumentert ved innsending av byggjesøknad til kommunen.

21. Brannvannforsyning

Ein må i utgangspunktet basere brannvatn på vatn i tankbilar. Om vassforsyning i området viser seg å få tilstrekkeleg kapasitet for brannvannforsyning kan dette nyttast. Vatn kan pumpast frå Birtevatn og Bjorhustjønn.

Tiltak: Nye tiltak innafor området skal skje i tråd med gjeldande lovar og forskrifter. Det inneber at tryggleik m.o.t. brann bli ivareteke.

30. Forureining av grunn eller vassdrag

Planen legg opp til at hyttene kan få innlagt vatn og utslepp kobla til reinseanlegg. Om kommunalt reinseanlegg ikkje blir gjennomført må vatn og avlaupsplan utarbeidast, denne legg føringar i høve til forureiningsforskrifta.

Tiltak: Vatn og avlaupsplan tek hand om tiltak i høve til forureiningsfare frå reinseanlegg.

6.4. Konklusjon

Planområdet ligg ved Birtevatn i eksisterande hytteområde. Planen legg opp til forbetringar i høve til veg, vatn og avlaup. Det ligg ikkje føre radonmålingar i området. Etter byggereglane som trådde i kraft 1. juli 2010, er det krav om radonsperre i alle nye bygg.

Det konkluderst med at det er liten risiko knytt til dei aktuelle hendingane i området. Dei formål som er gitt i plankartet og føresegnene som følgjer planen, samt at TEK 17 følgjast opp i byggjesakshandsaminga, gjer at ein ikkje ser behov for spesielle tiltak knytt til planen.

7 Konsekvensar av planframlegget

Planframlegget legg opp til ei forsiktig fortetting mellom to eksisterande hyttefelt. Dette vil i ein viss grad kunne påverke eksisterande busetting, men ein har søkt å plassere tomtene slik at nye hytter ikkje skal ta for mykje utsyn frå eksisterande hytter. Vegane er søkt plassert slik at dei ikkje vil medføre store terrenginngrep.

Forbetringar av sanitærstandard for eksisterande hytter samt mindre omleggingar av vegar i feltet er med på å skape betre tilhøve i området.

Fyresdal 21.06.2022

For AT Skog sa



Mona Gundersen

Areal- og utmarksplanlegger